

Grafisk profil

Retningslinjer
Oktober 2021



Innhald

Introduksjon
Kreativt konsept
Logo/kommunevåpen
Grafiske element
Typografi
Fargepalett
Fotostil
Digitale flater
Døme i bruk

Introduksjon

Denne designmanualen inneheld retningslinjer for bruk av Bremanger kommune sin grafiske profil. Konsekvent bruk av den grafiske profilen er viktig i alle kanalar for å sikre ei heilskapleg og tydeleg merkevareoppleving.

Retningslinjene og døme i bruk på dei følgande sidene i denne manualen skal forklare og inspirere, og er eit hjelpemiddel for å sikre at identiteten ivaretakast på best mogeleg måte.

Ved spørsmål kontakt:

Karl Vidar Førde
kommunalsjef samfunn og utvikling
karl.vidar.forde@bremanger.kommune.no



1. Kreativt konsept

Vår grafiske profil tek utgangspunkt i konseptet GJENKLANG, etter det særprega ekko-fenomenet som oppstår i Bremanger på grunn av dei monumentale fjellveggane i området. Dei visuelle verktøya representerer alle ein gjenklang av kva vi finn i vår unike region: det massive landskapet, spor etter busetting tusenvis av år tilbake og ikkje minst augeblikk frå samfunnet i dag.


1.1

Gjenklang av former i naturen


Designsystemet er bygd opp lag på lag: grunnformene bølge, bre, klippe og hylle er ein gjenklang av dei urgamle formene i landskapet.




Hylle



Bølge



Bre




Klippe

1.2

Gjenklang av fargane rundt oss



Fargepaletten er ein rik gjenklang av det særprega landskapet, naturen og bygningane i området.




1.3

Gjenklang av samfunn før oss


Mønsteret er henta frå dei unike helleristningane på Vingenfeltet sett i system og kobla til verdiane våre: open, framtidsetta og truverdig.



Open



Framtidsetta



Truverdig

1.4 Gjenklang av folk i dag

Kvardagsaugeblikk i dag er dokumentert gjennom autentiske foto frå stadar, naturen, folk og tenester vi har i kommunen vår.



2.

Kommunevåpenet

2.1

Kommunevåpen – historie

Kommunevåpenet vårt vart teikna av kunstner Inge Rotevatn og godkjend i 1986. Våpenet er firedelt av blått og sølv med virvelsnett.

«Motivet minner om ei stor havbølge. Hav og vannkraft har sett sitt preg på Bremanger. Kommunen ligg ut mot havet, og smelteindustrien i kommunen er basert på utbygd vannkraft.»

– Arkivverkets fotobase



2.2

Logo – versjonar

Logoen til Bremanger kommune består av:

- Kommunevåpenet
- Navnetrekket Bremanger kommune


Kommunevåpenet viser bølgeformer i sølv på blå bakgrunn.

Den formelle logoen i blått brukast når Bremanger kommune kommuniserar som myndighet. I tilfeller der sølv reproduksjon er tilgjengeleg, skal våpenet alltid produserast i korrekt blå og sølv. I tilfeller der sølv reproduksjon ikkje er mogleg, skal bølgen kun settast i kvitt på korrekt blå bakgrunn. Bruk av gråfarge som erstatning for sølv er ikkje tillatt.

Det er utarbeida ein stilisert versjon av logoen som kan nyttast i andre tilfeller, samt der trykk av fargeversjon ikke er optimal. Merk av disse versjonene skal godkjennes før bruk. Den stiliserte versjonen skal aldri settast i andre fargar enn kvit på mørk bakgrunn/foto eller svart på lys bakgrunn/foto.

Det er utarbeida eit namnetrekk i profilfonten Halyard. Ingen andre versjonar av «Bremanger kommune» skal brukast saman med kommunevåpenet.

Formell logo



Versjon 1A: Bølgeform i sølv. Vert nytta kun der sølv reproduksjon er mulig.



Versjon 1B: Bølgeform i kvitt. Vert nytta der sølv reproduksjon ikke er mulig.



Versjon 1C: Bølgeform i kvitt med kvit tekst. Vert nytta kun på mørke bakgrunner.

Stilisert logo (negativ hvit eller svart)



Versjon 2A: Kvit versjon. Vert nytta i mindre formelle situasjonar og der fargereproduksjon av våpenet ikkje er mogeleg.



Versjon 2B: Svart versjon. Vert nytta til reproduksjon som er begrensa til sort/kvit og lyse bakgrunner.



Sekundærversjonen skal aldri settast i andre fargar enn kvit eller svart.

2.3

Logo – storleik, frisone, plassering

Kommunevåpenet og namnetrekket skal alltid stå i eit definert forhold til kvarandre. Namnetrekket vert plassert til venstre for våpenet.

Det er utarbeida faste kombinasjonar av kommunevåpen og namnetrekk som vert brukt på alle flater.

Kommunevåpenet vert som hovudregel alltid plassert øverst til venstre på formatet, og med tilstrekkeleg avstand til andre element og kantar.



2.4

Kommunevåpen – slagord

Kommunens slagord «Leve, virke, nyte – heile livet» skal alltid stå separat frå kommunevåpenet. Slagordet vert aldri plassert slik at det oppfattast som ein del av logo.

Ved formell kommunikasjon skal slagordet vert plassert sekundært i motsett hjørne av logo (nedre venstre).

Ved anna kommunikasjon kan slagordet med fordel nyttast i samanheng med relevant foto for å bygge mening inn i budskapet, sjå døme til høgre. I desse tilfella kan logo plasserast sekundært som stilisert versjon nederst til venstre.

Slagord vert alltid sett i profilfonten Halyard, og føl dei generelle retningslinjene for typografi.



Gia illici dolupta tisciapienda quo odio voluptas utes pe volut et vitiand aeribusaerum ex endempe rumquamus ateni dunto berspit aquiati atuscid et autemque voloris vero maio bea nis quidemorem simusapelis aut ium nonsequ iaspis reria dit unt a quia qui qui berianihicae volo et rem quodi ut prae eost ad qui dolorporeici sequatem rem faceritam ipsunti beaquas pidesed quosam auditasit, que ero dolorum quatium et voluptatis et eosae. Most es aut omniet vellabo restiisquas maximus maxim sint, atur adi remporro et quamet acculloreum sitibusda pella cum nonse volum ne aut occaecerum, nonse del in cum solutent rerum se maio iliquunt, quatur, ipsam nonsecte cus minusci ducitin cuscien digenis ute qui que eum aditat.

Tur, adit is sitiam assitam enis si aligenit, occus repero commolore sam sitaque con cupient voluptam, consediorem accaborit modi valor millaut qui testis earuntesto volluptatur? Pudipsam in reic tempere praeres tiorum quam ium di nobiste volorporum con nulparum re maximusciis placcatiis molorer speria vit quis sitem sit por sam faccust iusandae eic tempore volluptas expligendi tem et, velis sa

Leve, virke, nyte – heile livet!



3.


Grafisk element

3.1

Grafisk element – grunnformer

Grunnformene hylle, bølge, bre og klippe brukast som bakgrunn. Bruk kun 1 grunnform per uttak, og kombiner aldri fleire grunnformer på same flate. Grunnformene settast i definerte valørar av ein farge. Kombinasjonar av ulike fargar er ikkje tillete.

Som hovudregel skal grunnformene byggast frå botn av formatet. Sjå døme på bruk i eige kapittel.



Ikkje kombiner grunnformer og fargar



3.2


Grafisk element – skraveringar

Skraveringane er inspirert av helleristningane på Vingenfeltet. Helleristningane skal ikkje brukast i sin heilhet. Vi brukar lausrevne skraveringar tolka og sett saman til eit nytt mønster.

Tre skraveringar er lyfta fram og symboliserar verdiane til kommunen vår: open, framtidsretta og truverdig.

Skraveringane er konstruert som blokker og kan forlengast/eksponderast til å passe formatet. Unngå å kombinere skraveringar på same flate.


Skraveringane skal behalde den lette og levande streken. Unngå å lage eigne skraveringar, bruk kun utarbeida versjonar i høve retningslinjene.




Døme på helleristning frå Vingen



Open



Framtidsretta



Truverdig

3.3

Grafisk element – bruk


Vår grafiske profil består av to grafiske element:

- Grunnformer
- Skraveringar

Grunnformene og skraveringane settast saman lagvis, med grunnformen i botn og deretter skravering som overlappar grunnformene.

Vi brukar alltid same fargevalør for grunnformer og skravering. Unngå svart farge på skraveringane, då dette gir eit svært kontrastfylt og mindre harmonisk uttrykk.

Sjå døme til høgre for bruk.



4. Typografi

4.1

Typografi – oversikt

Typografien har ei informativ og funksjonell rolle i vår grafiske profil. den skal først og fremst formidle informasjon på ein tydeleg måte, og gjere det enkelt for lesaren å fange opp budskapet i teksten.

Vår profilfont er Halyard, ein sans-serif skriftfamilie designa av Joshua Darden, Eben Sorkin og Lucas Sharp. Familien består av 3 ulike optiske storleikar:

- Halyard Display: for overskrifter
- Halyard Text: for mengdetekst
- Halyard Micro: for liten skrift

Halyard er ein stor skriftfamilie med stor fleksibilitet, og er tilgjengeleg gjennom Adobe Fonts.

Alternativ/fallback font:

I dei tilfeller der Halyard ikkje er tilgjengeleg, brukar vi Arial som alternativ. Dette gjeld til dømes MS Office program.

Halyard Display

Dette er ein overskrift
 Dette er ein overskrift

Halyard Text

Dette er mengdetekst. Nem unt omnis destiat. Pudam re nien-danistis utatist, enistor atectore ratur, et quat. At ut optat et aspelecta coresequi dellam de nobisit atquam qui cume in earchil molessum iducimin por re que non recte aute nam quiae. Udit alique pratem es adistota dolores et as reicia volut ut omnimus.

Dette er mengdetekst. Nem unt omnis destiat. Pudam re nien-danistis utatist, enistor atectore ratur, et quat. At ut optat et aspelecta coresequi dellam de nobisit atquam qui cume in earchil molessum iducimin por re que non recte aute nam quiae. Udit alique pratem es adistota dolores et as reicia volut ut omnimus.

Halyard Micro

Dette er liten skrift. Nem unt omnis destiat. Pudam re niendanistis utatist, enistor atectore ratur, et quat. At ut optat et aspelecta coresequi dellam de nobisit atquam qui cume in earchil molessum iducimin por re que non recte aute nam quiae. Udit alique pratem es adistota dolores et as reicia volut ut omnimus.

**Vi søker etter
helsearbeidarar**

Tilskot til gardsdrift

SØKNADSRIST
24.06.21


Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur adipiscing elit, sed diam nonummy nibh euismod tincidunt ut laoreet dolore magna aliquam erat Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur adipiscing elit, sed diam nonummy nibh euismod tincidunt ut laoreet

5. Fargepalett

5.1

Fargepalett – oversikt

Fargepaletten er ein rik gjenklang av det særprega landskapet, naturen og bygningane i området vårt. Vi har 6 nøkkelfargar, der HAV representerer hovudfargen då den er henta frå kommunevåpenet.




5.2

Fargepalett – valører

Som vist til høyre er det utarbeida valører av alle nøkkelfargane for auka fleksibilitet.


Ingen andre fargar er tillete. Sjå dømer i eige kapittel for bruk av fargar og valører.



PANTONE 630 C
CMYK 50/0/23/0
RGB 122/205/203
#7ACDCB



PANTONE 297 C
CMYK 47/0/0/0
RGB 120/210/247
#78D2F7



PANTONE COOL GRAY 1 C
CMYK 2/2/2/0
RGB 247/245/245
#F7F5F5



PANTONE 4012 C
CMYK 0/66/87/0
RGB 244/119/56
#F47737



PANTONE 454 C
CMYK 9/13/40/0
RGB 231/213/164
#E7D5A4




PANTONE SILVER 10077 C
CMYK 31/25/24/0
RGB 177/178/180
#B1B2B4



PANTONE 7466 C
CMYK 77/4/46/0
RGB 1/177/159
#01B19F



PANTONE 2194 C
CMYK 81/35/1/0
RGB 0/138/201
#008AC9



PANTONE 7527 C
CMYK 5/8/11/0
RGB 239/229/221
#EFE5DC



PANTONE 7626 C
CMYK 0/87/100/0
RGB 240/73/35
#F04923



PANTONE 7752 C
CMYK 10/29/98/0
RGB 231/180/38
#E7B426



PANTONE 4280 C
CMYK 70/64/60/65
RGB 54/53/55
#363537



PANTONE 7718 C
CMYK 87/36/63/19
RGB 19/111/99
#136F63



PANTONE 2187 C
CMYK 100/72/30/13
RGB 0/78/121
#004E79



PANTONE 4089 C
CMYK 27/36/34/0
RGB 189/161/156
#BDA19C



PANTONE 7622 C
CMYK 24/100/98/19
RGB 163/30/35
#A31E23



PANTONE 1265 C
CMYK 23/50/100/5
RGB 191/131/43
#BF832B



PANTONE BLACK 6 C
CMYK 100/61/32/96
RGB 0/0/0
#000000

6. Fotostil

6.1

Art direction

Den grafiske profilen til kommunen vår inneheld 3 ulike bildekategoriar:

- Samfunn og folk
- Tenester og næring
- Natur og kulturminne

Som ein hovudregel skal bildene inkludere mennesker som ein del av eit større bilde. Vi har fokus på aktiviteten eller omgjevnadane, og mennesker er tilstade – men ikkje hovudmotiv.

Fotostilen skal etterstrebe eit naturleg, varmt og vennleg uttrykk. Vi brukar naturlys, og gradinga skal ikkje opplevast for dramatisk.

Styling

Eit naturleg uttrykk er ynskjeleg for styling. Unngå kle med fargar som står i kontrast til fargepaletten, eller kle og utstyr med logo eller mønster. Naturmateriale er å foretrekke, slik som ull, bomull og lin. Tilsette i kommunen brukar arbeidsklede som er relevant og autentisk for sitt arbeid.



6.2

Foto samfunn og folk



6.3

Foto tenester og næring



6.4

Foto natur og kulturminner



7.

Digitale flater

7.1 Nettside

Ved bruk på nettsida skal den grafiske profilen brukast på ein informativ og funksjonell måte. Dei visuelle verktøya vi har, skal bidra til at brukaren kan finne og lese informasjon på ein enkel måte.

Vi unngår derfor for mange element på nettsida, og etterstreber eit ryddig og funksjonelt system.

Vidare skal design på nettsida ivareta dei krav som stillast til universell utforming og tilgjengelegheit på digitale flater.

Kommunen etterstreber ein profesjonell, vennleg, open, framtidsretta og truverdige tone på nettsiden.

7.2 Sosiale media

Vi etterstreber ei heilskapeleg merkevareoppleving på dei ulike sosiale medie plattformene der vi er tilstades.

Dette innebærer konsekvent bruk av logo (kun symbol) som profilbilde, og gjennomgåande og bevisst bruk av relevante foto og eit vennleg, tilgjengeleg språk.

Kommunen etterstreber ein profesjonell, vennleg, open, framtidsretta og truverdige tone på sosiale medier.



Ikona til bruk som profilbilde på sosiale medier.

8.

Dømer i bruk

Publikasjoner – forside

Rapporter – oppslag

Informasjonsannonsar og plakatar

Stillingsannonsar

PPT-mal

Postale: brevark, visittkort, konvoluttar, e-post signatur

Arbeidsglede

Køyretøy

Roll-up

Frittstående skilt, henvisningsskilt og skilting av bygningar

8.10

Publikasjoner – forside

bremanger.kommune.no



8.11

Rapporter – oppslag



2. BAKGRUNN OG FØREMÅL

2.1. Generelt om bakgrunn for planarbeidet

Alle har eit felles ansvar for å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og landskap for kommande generasjonar. Den offentlege forvaltninga har eit særskilt ansvar for å sikre at dei nasjonale måla for kulturmiljøforvaltning vert oppfylt. Gjennom bruk av Plan- og bygningslova (PBL) blir kommunane heilt sentrale i dette arbeidet. Det er ei forventning frå Staten at kommunane registrerer og verdiset kulturmiljø og kulturmiljø som har lokal verdi og arbeider inn desse i planar. Ein kulturmiljøplan er tenkt å skulle vere eit godt verktyg og gje eit solid grunnlag for arbeidet.

Kommunedelplanen for kulturmiljø vil sette temaet på den politiske dagsorden og innarbeide det i kommunen si verksemd. Vern gjennom bruk er eit mål.

2.2. Føremål

Planen skal ha som mål å formidle kunnskap om kulturmiljø og verdien av desse til kommunen sine innbyggjarar.

Planen vil gje føringar for eigarar av kulturminne. Eit kulturminne si forankring i planen er viktig med tanke på stønadsordningar kring rettlegging i bruk og vedlikehald. Ikkje minst kan skulevesen, næringsliv, reiselivsbransjen og kultursektor nytte kulturminna til å skape høg kompetanse og gode opplevingar.

Kulturmiljøplanen er også eit plandokument som er mynta på sakshandsamarar i kommunen. I forvaltninga

innan areal-, plan-, og byggesaker vil ein lettare kunne ta omsyn til kulturminneverdiane og gje ei meir effektiv handsaming.

Kulturmiljøplanen skal altså bidra til:

- Auka kunnskap og medvit om kulturmiljøverdiane i kommunen, samt styrke innbyggjarane si stoltheit og identitet knytt til eigen kulturarv.
- Oversyn og verdisetting av viktige kulturminne, kulturmiljø og -landskap.
- Betre forvaltning av kulturmiljø blant anna gjennom bruk av plan- og bygningslova
- Utvikling av eit godt samarbeid mellom ulike kulturmiljøaktørar
- Nytte dei lokale kulturmiljøa aktivt i kommunen sitt utviklings- og verdiskapingsarbeid.

2.3 Kva er viktige kulturmiljø?

Ein kulturmiljøplan er eit dokument som skal hjelpe oss å finne ut kva kulturminne, miljø og landskap, som er viktigast for Bremanger, og som best representerer og fortel om vår kulturarv og identitet.

I planen gjer ein greie for:

- Kva kulturminne som finns i bygdene i kommunen innan ulike kategoriar
- Kva tiltak som må settast i verk for å informere om og ta vare på kulturminna
- Kva tiltak som kan settast i gang for å levandegjere og formidle kulturminna

Kulturmiljø er viktige, ikkje-fornybare ressursar og verdar i lokalsamfunnet. Kulturmiljø kan ha verdi som kjelde til kunnskap og opplevingar, og som bruksverdi. Vi gjev ein fyldig oversikt over kulturminna i kommunen, samt ei fordeling av kulturminna under ulike kategoriar.

Kulturmiljøa kan ha lokal, regional eller nasjonal verdi. I nokre tilfelle kan kulturmiljøverdiane også vere på eit internasjonalt nivå, som til dømes Vingen og Skatestraumområdet.

2.4 Viktige aktørar

Lokale utviklingsaktørar kan ta ei aktiv rolle for sjølv å utvikle kulturarven som ressurs.

Eigarane er dei viktigaste aktørane når det gjeld å ta vare på og vidareutvikle kulturmiljøa. For at potensialet skal kunne hentast ut, er det viktig at eigarane ser verdien av kulturmiljøa og har kunnskap om korleis dei kan takast vare på og vidareutviklast, samtidig som kulturmiljøverdien vert bevart. Tilgang på økonomiske ressursar vil ha noko å seie for i kva grad eigarane har mogelegheit til å ta vare på og vidareutvikle kulturmiljøa. Her kan kommunen bidra med informasjon og vegleiing.

Lokale aktørar som lag, organisasjonar og næringsliv kan bidra til å utvikle kulturarven som fellesressurs for allmenta eller som grunnlag for verdiskaping. Bremanger sogelag er viktige bidragsytarar ved utvikling og registrering av kulturarven.



Musea og fylkesarkivet er ein viktig samarbeidspart når det gjeld å ta vare på gjenstandar og immateriell kulturarv. Kystmuseet, Nordfjord folkemuseum og Sogn og Fjordane (Vestland) fylkesarkiv skal vere viktige samarbeidspartar ved behov for trygg bevaring av kulturminne. Offentlege organ har forvaltningsansvar for vår felles kulturarv. Riksantikvaren hadde tidlegare mynde til å avgjere om eit kulturminne er automatisk freda og til å gjere fredingsvedtak. I dag er dette delegert til Fylkeskommunen. Dei har også mynde til å legge ned motsegn av omsyn til kulturmiljø ved kommunal arealplanlegging.

Vestland fylkeskommune har forvaltningsansvar for dei automatisk freda kulturmiljø og vedtaksfreda kulturmiljø. For dei vedtaksfreda bygningane gjev fylkeskommunen tilskot og fagleg rettlegging i arbeidet med å vedlikehalde bygningane. Vestland fylkeskommune skal behandle saker som kan kome i konflikt med regionale og nasjonale kulturmiljøinteresser. Bremanger kommune har ei viktig rolle når det gjeld å bruke kulturarven som ressurs i samfunnsutviklinga og gje råd til lokale initiativtakarar som vil utvikle kulturminna. Kommunen har mynde til å verne kulturmiljø gjennom kommuneplanar og reguleringsplanar som er juridisk bindande etter plan- og bygningslova. Med mynde i denne lova har kommunen ansvar for å følge opp alle kulturmiljøa i kommunen gjennom forvaltninga.

2.5 Medverknad i planprosessen

Ved utarbeiding av kulturmiljøplan for Bremanger har dialog med lokale aktørar blitt vektlagt. Bremanger soge nemnd har levert bidrag frå kvar sine områder, og lokale innspel møter har vore gjennomført for å sikre lokalkunnskapen og involvering frå dei ulike bygdene i kommunen. Planarbeidet har vore gjennomført etter reglane i plan- og bygningslova, og i tråd med desse har lokale aktørar og offentlege instansar blitt informerte og

2.1. Generelt om bakgrunn for planarbeidet

Alle har eit felles ansvar for å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og landskap for kommande generasjonar. Den offentlege forvaltninga har eit særskilt ansvar for å sikre at dei nasjonale måla for kulturmiljøforvaltning vert oppfylt. Gjennom bruk av Plan- og bygningslova (PBL) blir kommunane heilt sentrale i dette arbeidet. Det er ei forventning frå Staten at kommunane registrerer og verdiset kulturmiljø og kulturmiljø som har lokal verdi og arbeider inn desse i planar. Ein kulturmiljøplan er tenkt å skulle vere eit godt verktyg og gje eit solid grunnlag for arbeidet.

Kommunedelplanen for kulturmiljø vil sette temaet på den politiske dagsorden og innarbeide det i kommunen si verksemd. Vern gjennom bruk er eit mål.

2.2. Føremål

Planen skal ha som mål å formidle kunnskap om kulturmiljø og verdien av desse til kommunen sine innbyggjarar.

Planen vil gje føringar for eigarar av kulturminne. Eit kulturminne si forankring i planen er viktig med tanke på stønadsordningar kring rettlegging i bruk og vedlikehald. Ikkje minst kan skulevesen, næringsliv, reiselivsbransjen og kultursektor nytte kulturminna til å skape høg kompetanse og gode opplevingar.

Kulturmiljøplanen er også eit plandokument som er mynta på sakshandsamarar i kommunen. I forvaltninga

Kulturmiljøplanen skal altså bidra til:

- Auka kunnskap og medvit om kulturmiljøverdiane i kommunen, samt styrke innbyggjarane si stoltheit og identitet knytt til eigen kulturarv.

- Oversyn og verdisetting av viktige kulturminne, kulturmiljø og -landskap.
- Betre forvaltning av kulturmiljø blant anna gjennom bruk av plan- og bygningslova
- Utvikling av eit godt samarbeid mellom ulike kulturmiljøaktørar
- Nytte dei lokale kulturmiljøa aktivt i kommunen sitt utviklings- og verdiskapingsarbeid.

2.3 Kva er viktige kulturmiljø?

Ein kulturmiljøplan er eit dokument som skal hjelpe oss å finne ut kva kulturminne, miljø og landskap, som er viktigast for Bremanger, og som best representerer og fortel om vår kulturarv og identitet.

I planen gjer ein greie for:

- Kva kulturminne som finns i bygdene i kommunen innan ulike kategoriar
- Kva tiltak som må settast i verk for å informere om og ta vare på kulturminna
- Kva tiltak som kan settast i gang for å levandegjere og formidle kulturminna

Kulturmiljø er viktige, ikkje-fornybare ressursar og verdar i lokalsamfunnet. Kulturmiljø kan ha verdi som kjelde til kunnskap og opplevingar, og som bruksverdi. Vi gjev ein fyldig oversikt over kulturminna i kommunen, samt ei fordeling av kulturminna under ulike kategoriar.

Kulturmiljøa kan ha lokal, regional eller nasjonal verdi. I nokre tilfelle kan kulturmiljøverdiane også vere på eit internasjonalt nivå, som til dømes Vingen og Skatestraumområdet.

2.4 Viktige aktørar

Lokale utviklingsaktørar kan ta ei aktiv rolle for sjølv å utvikle kulturarven som ressurs.

Eigarane er dei viktigaste aktørane når det gjeld å ta vare på og vidareutvikle kulturmiljøa. For at potensialet skal kunne hentast ut, er det viktig at eigarane ser verdien av kulturmiljøa og har kunnskap om korleis dei kan takast vare på og vidareutviklast, samtidig som kulturmiljøverdien vert bevart. Tilgang på økonomiske ressursar vil ha noko å seie for i kva grad eigarane har mogelegheit til å ta vare på og vidareutvikle kulturmiljøa. Her kan kommunen bidra med informasjon og vegleiing.

Lokale aktørar som lag, organisasjonar og næringsliv kan bidra til å utvikle kulturarven som fellesressurs for allmenta eller som grunnlag for verdiskaping. Bremanger sogelag er viktige bidragsytarar ved utvikling og registrering av kulturarven.

Musea og fylkesarkivet er ein viktig samarbeidspart når det gjeld å ta vare på gjenstandar og immateriell kulturarv. Kystmuseet, Nordfjord folkemuseum og Sogn og Fjordane (Vestland) fylkesarkiv skal vere viktige samarbeidspartar ved behov for trygg bevaring av kulturminne. Offentlege organ har forvaltningsansvar for vår felles kulturarv. Riksantikvaren hadde tidlegare mynde til å avgjere om eit kulturminne er automatisk freda og til å gjere fredingsvedtak. I dag er dette delegert til Fylkeskommunen. Dei har også mynde til å legge ned motsegn av omsyn til kulturmiljø ved kommunal arealplanlegging.

Vestland fylkeskommune har forvaltningsansvar for dei automatisk freda kulturmiljø og vedtaksfreda kulturmiljø. For dei vedtaksfreda bygningane gjev fylkeskommunen tilskot og fagleg rettlegging i arbeidet med å vedlikehalde bygningane. Vestland fylkeskommune skal behandle saker som kan kome i konflikt med regionale og nasjonale kulturmiljøinteresser. Bremanger kommune har ei viktig rolle når det gjeld å bruke kulturarven som ressurs i samfunnsutviklinga og gje råd til lokale initiativtakarar som vil utvikle kulturminna. Kommunen har mynde til å verne kulturmiljø gjennom kommuneplanar og reguleringsplanar som er juridisk bindande etter plan- og bygningslova. Med mynde i denne lova har kommunen ansvar for å følge opp alle kulturmiljøa i kommunen gjennom forvaltninga.

2.5 Medverknad i planprosessen

Ved utarbeiding av kulturmiljøplan for Bremanger har dialog med lokale aktørar blitt vektlagt. Bremanger soge nemnd har levert bidrag frå kvar sine områder, og lokale innspel møter har vore gjennomført for å sikre lokalkunnskapen og involvering frå dei ulike bygdene i kommunen. Planarbeidet har vore gjennomført etter reglane i plan- og bygningslova, og i tråd med desse har lokale aktørar og offentlege instansar blitt informerte og inviterte til å bidra med innspel til arbeidet.

2.6 Plandokumentet

Kulturmiljøplanen for Bremanger gjeld for perioden 2020-2030. Planen gjev eit oversyn over dei ulike kulturmiljøa vi har i Bremanger kommune, kva tidsepoke dei høyrer til og kva type kulturminne det er snakk om. Her er trekt fram både materielle og immaterielle kulturminne.

Kapittel 5 viser ei oversikt over kulturarven i Bremanger, frå eldre og nyare tid, bygd for bygd. I presentasjonen av bygdene er det trekt fram kulturminne/ kulturmiljø som er freda og bevaringsverdige, og som bør gjerast kjent for dei som bur her i dag, og formidlast vidare til komande generasjonar.

8.2

Informasjonsannonsar og plakatar



 Bremanger kommune

Velkommen til Grotlesanden

PARKERINGSavgift:
NOK 50,- per dag

BETALING:
Vipps nr. 112038

Ha ein fin dag!



 Bremanger kommune

Velkommen til skulestart



bremanger.kommune.no



 Bremanger kommune

SØKNADSFRIST:
Dato
2021



Tilskot til gardsdrift

bremanger.kommune.no

8.3

Stillingsannonsar

Ved fullstendige utlysingar i plattformer slik som webcruiter brukar vi kun grafiske element som toppbanner, for eit tydeleg og heilskapeleg uttrykk. Dersom plattformen er tilrettelagt for bilder, kan relevante foto brukast nederst i annonsen.

Ved fellesannonsar i trykte og digitale medier skal annonsane utarbeidast i henhold til gjeldende visuelle retningslinjer.

Bremanger kommune

Vi søker helsearbeidarar

Les meir på bremanger.kommune.no

Bremanger kommune

Fagleiar VAR, veg og anlegg - kommunalteknikk

Bremanger kommune

[Søk på stillinga](#)






Fagleiaren skal organisere og vil ha ansvar for arbeidet i eininga VAR, veg og anlegg.

| | | | |
|--------------------|--|----------------------|---|
| 📅 Søknadsfrist: | 09.05.2021 | 👤 Stillingar: | 1 |
| 📅 Arbeidsgivar: | Bremanger kommune | 🕒 Heiltid / Deltid: | Heiltid |
| 👤 Stillingstittel: | Fagleiar VAR, veg og anlegg - kommunalteknikk | 📄 Tilsetjingsfor...: | Fast |
| | | % Stillingsprose...: | 100 |
| | | 🔑 Webcruiter-ID: | 4377734420 |
| | | 🔄 Sosial deling : | Twitter LinkedIn Facebook Email |

Arbeidsoppgåver


- Drift og vedlikehald av vassverk, avlaupsstasjonar, veg, veglys og kommunale anlegg
- Sentral driftskontroll for vassverk

8.4 PPT-mal




8.5


Postale: brevark, visittkort, konvolutt, e-post signatur




Visittkort, for- og bakside



Konvolutt



E-post signatur



Brevark



Skissebilde fra <https://www.hhworkwear.com/>
Kun for referanse.





8.7

Kjøretøy



8.8 Rollup



8.90

Skilting – bygg





Skilting – kulturminneløype



